



Statens vegvesen

Marlon Soltvedt
Mykingegen 131A
5913 EIKANGERVÅG

Behandlande eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Tone Bøyum / 55516792	Vår referanse: 16/183877-3	Dykkar referanse:	Vår dato: 07.03.2017
------------------------------------	---	-------------------------------	-------------------	-------------------------

Avkøyrslø – Utvida bruk – Fv. 397 – Gnr. 212 bnr. 1 – Lindås kommune

Vi syner til brev mottatt 30. november 2016 med søknad om utvida bruk av avkøyrslø til fv. 397 i Lindås kommune.

Statens vegvesen gav førehandstilsegn til utvida bruk av avkøyrslø i 2012 (vårt snr. 2012/091001). Vi sette den gong krav om utbetring av avkøyrslø før vi kunne gje løyve til utvida bruk. Førehandstilsegnet er no forelda.

Vedtak:

Med heimel i veglova §§ 40 – 43 har vi fatta følgjande vedtak:

Det kan påreknast løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrslø for Eikanger Øvre, gnr. 212 bnr. 1 til utleigeining under føresetnad at krava nedanfor vert oppfylt.

Veg/ stad: Fv. 397 – hp 1 – km 1,110 / gnr. 212 bnr. 1 i Lindås kommune.

Vi set følgjande krav:

1. Løyve gjeld til ny utleigebustad på eigedomen.
2. Avkøyrslø skal vere ferdig bygd i samsvar med våre vilkår nedanfor, og deretter kontrollert og godkjent av Statens vegvesen innan 3 – tre – år frå datoen på dette vedtaket, elles fell tilsegna bort.
3. Avkøyrslø må opparbeidast i samsvar med vedlagte prinsippsskisser og *Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkøyrslø frå offentlig veg*, som ligg på lovdata.no.
4. Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrslø skal vere minimum 45 meter til begge sider av køyrebana. Det skal ikkje vere sikthindrande element over 0,5 meter i planet mellom avkøyrslø og fv. 397.
5. Svingradius skal vere 4 meter. Svingradius skal markerast tydeleg. Det smalaste punktet i avkøyrslø skal vere rundt 8 meter.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

6. Stigningskrav går fram av vedlagte skisse. Vi vil her spesielt gjere merksam på at avkøyrsla skal ha fall frå hovudvegen på 5 cm dei første 2 meterane. Krav til helling må haldast frå køyrebanekant og 5 meter inn i avkøyrsla.
7. Det må vere snu- og manøvreringsareal på eigen grunn. Det er ikkje tillate å parkere i frisiktsonene.
8. Avkøyrslpunktet vart målt til 19 meter. Det er særleg viktig for oss dette vert snevra inn jf. vedlagte illustrasjon. Dette kan til dømes utformast som ei grøft mellom fylkesveg og parkeringsplassen, eller som grasareal med støypekant rundt. Vi kan akseptere mindre avvik frå prinsippskisse / illustrasjon, slik at avkøyrsla vert plassert der det er mest hensiktsmessig i høve til eigedomane og tilkomst til desse. Vi ber om å få tilsendt forslag for løysing til utforming og plassering av avkøyrsla. Tilsendte framlegg til utforming må vere teikna i rett målestokk.

Vi gjer merksam på at tilsegna berre gjeld i høve til veglova og ikkje rettar ovanfor eventuelle andre grunneigarar.

Arbeidsvarsling:

Før arbeid vert satt i gang på / ved offentleg veg, skal det utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan. Denne planen skal godkjennast av Statens vegvesen. Den kan sendast til nordhordland.arbeidsvarsling@vegvesen.no . Vi ber om at det vert vist til vårt saksnummer ved innsending av arbeidsvarslingsplan.

Vidare saksang:

Når avkøyrsla er opparbeidd i samsvar med våre krav, skal det sendast melding til Statens vegvesen. Vi vil då kome på synfaring / kontroll før vi eventuelt gjev bruksløyve.

Klagerett:

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak og kan påklagast jf. forvaltningslova §§ 28–36. Klagefrist er 3 – tre – veker frå vedtaket er mottatt. Eventuell klage skal sendast til Statens vegvesen som sender saka over til klageinstansen.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen

Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Vedlegg:


Prinsippskisse

Illustrasjon avkøyrsl

Kopi:

Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ


PRINSIPPSKISSE




Tilsvarende siktlengder som vist på tegningen må også gjerast gjeldande for trafikken som kjem på hovedvegen og skal inn i avkjørsla (sikt bakover og framover langs hovedvegen)


Av hensyn til snø og vegetasjon skal det i frisiktsonen vera fritt for sikthinder høgare enn 0,5 m. over hovedvegens nivå

Krav til svingradius for avkjørsla :



Krav til lengdeprofil for avkjørsla/tilkomstveg:





	Avkøyrslø - Fv. 397 - Gnr. 212 bnr. 1 - Lindås
	Illustrasjon avkøyrslø
	22.02.2017
	Målestokk 1:500
Statens vegvesen	